

Årsmelding 2022.

Vang historielag har dessverre ikkje kome skikkeleg i gang att etter coronapandemien.

Vi har hatt to arrangement og to styremøter siste året. Fellesturen til Granavollen saman med Vestre Slidre hiistorielag vart eit godt og interessant arrangement, og 14 frå Vang var med. I tillegg hadde vi stand på Frivilligdagen.

Når det gjeld sikteskiva på Hugakøllen, har vi ikkje greidd å koma i land med nokor avtale med grunneigarane. Det ligg derfor dessverre an til at skive og fundament blir fjerna.

I staden for å sende ut krav til medlemskontingent som vedlegg til menighetsbladet, valde vi å sende dette på epost til tidlegare medlemmer og andre som vi meinte burde vera medlemmer. Dette vart ingen suksess, og medlemstalet sakk veldig. Sidan vi har hatt liten aktivitet og bra med pengar på bok, vart det ikkje sendt ut purringar. Dette må vi finne ei løysing på i 2023.